

Nynorskprisen for journalistar

Årsrapport 2011

Prisen gjekk til den beste pennen

- I år er det den beste pennen som får prisen, sa juryleiar Gry Molvær då ho overrekte Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar til Njord V. Svendsen. Han fekk prisen for det journalistiske arbeidet sitt i Bergens Tidende, der han var journalist på kontrakt i fem - seks år. Svendsen slutta i avisa ei veke før juryen gav han prisen, fordi han ikkje lenger orka å vere mellombels tilsett. No er han kommunikasjonsrådgjevar i NIFES - Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning i Bergen.



Njord V. Svendsen får overrekket prisen av juryleiar Gry Molvær (Foto: Randi Indrebø/NRK)

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 24. juni. Prisen er på 50.000 kroner, og i år var kunstverket som fylgde med "Skak-køyrd blåveissyklist" av Oddvar Torsheim.

- Njord V. Svendsen har dei siste åra markert seg som ein av dei ypparste feature-, reportasje- og portrettjournalistane i Noreg uavhengig av målform. Det er difor ekstra gledeleg at han skriv på nynorsk. Han er ein kresen stilist, og tekstane er gjennomgåande av høg litterær kvalitet. Dei er virtuose, men aldri prangande eller pompøse. Dei er jordnære, men til same tid undrande og spørjande, siterte Gry Molvær frå grunngjevinga til juryen.

Mangt slags press

I takktalen tok prisvinnaren utgangspunkt i ulike typar press, og det uvanlege i at vinnaren av Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2011, ikkje lenger er journalist.

- Eg var altså ein av desse mellombelse medarbeidarane, ein vikar, ein laushund på kontrakt etter kontrakt etter kontrakt. Når eg no får ein journalistpris, vil eg derfor delen prisen med alle andre som har jobb utan jobb, som er journalistar, som står på, som kanskje ikkje er journalistar lenger, men som kanskje kunne vunne journalistprisar om ikkje arbeidsgivarane deira var så redde for at dei skulle få rettar som arbeidstakarar, sa Svendsen.

Svendsen meinte det er å leve under press å vere mellombels tilsett, det er det også å vere journalist, fast eller laus. Og å skrive nynorsk er å leve under press:

- Dette gjeld så visst ikkje berre journalistar. Men journalistar har eit ekstra stort ansvar for å stå imot dette presset. Det er eit samfunnsoppdrag godt som noko: Å stå imot presset handlar om å ta vare på språkleg, kulturelt og demokratisk mangfald, sa Svendsen.

Sjølv prøver han å gjere det med å skrive, så godt han kan, på det skriftspråket som er hans. Norsk i ei av to former han lærde på skulen, norsk i ei av to jamstilte former slått fast ved lov for fleire generasjonar sidan.

Demokrati kan forvekslast med fleirtalstyranni

- Eg vil at alle skal skrive det dei vil, på sitt språk - også etter dei er ferdige med ungdomsskulen, vidaregåande, etter at dei kanskje flyttar til ein annan stad og blir minoritet og kjem under press. Etter at dei har blitt ingeniørar, tannlegar, lærarar, sveisarar eller journalistar. Minoritetar må stå imot press. For majoritetar har ein tendens til å forveksle demokrati med fleirtalstyranni, sa Svendsen.


Han peika på at det er eit stort ansvar å vere journalist. Då må ein passe på at minoritetar ikkje mister retten til å eksistere, ikkje mister vernet mot overivrige majoritetar. - Dette ansvaret gjeld til og med hovudstadsjournalistar, la han til.

- Eg kjem til å halde fram med å skrive det eg vil, med glede, heilt uavhengig av underskriftskampanjar mot sidemål og politikarar som tenner bokbål. Det å vere samfunnsborgar er å stå imot presset, sa prisvinnaren Njord V. Svendsen.

Du kan lese heile takketalen til Njord V. Svendsen [her](#)

Ei hylling til lokalavisa

Journalist og forfattar [Atle Hansen](#), trekkspelar [Knut Ivar Bø](#) og [Sigrid Moldestad](#) og musikarane hennar underheldt under prisutdelinga i Aasentunet. Jurymedlem Olaug Nilssen var programleiar.



Atle Hansen (Foto: Randi Indrebø/NRK)

Atle Hansen kåserte med skjemt og alvor om oppvekst i nynorskland, studietid saman med Jon Fosse og daglegliv som journalist i lokalavisa Sunnhordland.

- Jon Fosse vart ein del av verdslitteraturen, eg reiste heim att til Stord og vart ein del av redaksjonen i bladet Sunnhordland. 25.000 les den avisa kvar dag, sa Atle Hansen då han kåserte om livet som lokalavisjournalist.

Nynorsk tabloidavis

Han drøymmer om at det skal bli ei nynorsk, riksdekkande tabloidavis. Ei som lærer av kva som er populært i fjernsynet, å sjå einstøingar som klorer seg fast på fjellhyller lengst mogleg frå folk, kvinner som strikkar lubbar og menn som lagar rare doningar. Båtar som går sakte oppover langs kysten og millionar av sjåarar vert ført inn i dragsuget. Han meiner vi treng ei nynorsk avis som skriv eit kjapt, moderne nynorsk, som ikkje drit ut det folk er oppteke av, men tek det på alvor og skriv om det. Kjendisar, fotball, slankekurar og obskure sjukdommar.

Det alle les

Atle Hansen drøymmer også om eit departement som er oppteke av skriftspråk, kultur og media, og som finn ut at det er ein ide å løyve pengar til å opprette eit nynorsk organ som henta det beste frå alle nynorske lokalaviser ein gong i veka på trykk, og kvar dag på nettet.

- Ein stad der unge mislukka popstjerner og dårlege poetar kunne finna inspirasjon, førebilete og lærdom den dagen dei fann ut at den beste jobben eg kan gjera for

nynorsk skriftspråk er ikkje å skriva dikt som ingen les, men notisar om hundar som forsvinn og fulle gutungar som pissar på gata. For det les alle.

Du finn heile kåseriet på bloggen til Atle Hansen [her](#).

23 framlegg

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar vart kunngjort i ei rekkje aviser og på nettsidene til Kulturdepartementet og NRK Nynorsk mediesenter i februar. Fristen for å kome med grunngjevne framlegg var sett til 1. mars, i von om at fleire skulle bry seg med å føreslå kandidatar vinterstid og for at juryen skulle få betre tid til arbeidet.

Men skifte av frist for framlegg, frå 1. mai til 1. mars, gjorde ikkje noko utslag på mengda av framlegg. Det kom 23 framlegg om 20 namn, og i tillegg hadde juryen flytta over 8 -10 namn frå lista i 2010, som var med i vurderinga i år.

Juryen hadde møte i Bergen 6. mai, og var samrøystes i valet av Njord V. Svendsen som vinnar. Det synte seg i ettertid at prisvinnaren slutta som journalist 30. april, men juryen såg ingen grunn til å gjere om på valet av den grunn.



Det var sjette gongen Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar vart delt ut, og lista over prisvinnarar ser slik ut: Linda Eide, NRK, Kjell-Erik Kallset, Dagsavisen, Odd Reidar Solem, TV 2, Ronny Brede Aase, NRK, Astrid Brekken, NRK og Njord V. Svendsen, tidlegare journalist i Bergens Tidende.

I juryen for prisen er NRK-journalist Gry Molvær leiar. Ho har med seg forfattar Olaug Nilssen og sjefredaktør Tom Hetland i Stavanger Aftenblad. Magni Øvrebotten, i NRK Nynorsk mediesenter, er sekretær for juryen. Denne juryen er oppnemnd til 1. juli 2013.

I mai 2012 møttest juryen på Bryne. For å dele på reisinga skiftar møtestadane mellom Trondheim, Førde, Bergen og Bryne.



Njord V. Svendsen (Foto: Foto: Teresa Grøtan)

Juryen si fråsegn:

Njord V. Svendsen har dei siste åra markert seg som ein av dei ypperste feature-, reportasje- og portrettjournalistane i Noreg uavhengig av målform. Det er difor ekstra gledeleg at han skriv på nynorsk. Han er ein kresen stilist, og tekstane er gjennomgåande av høg litterær kvalitet: han har utvikla ei eiga røyst som lesarar av Bergens Tidende no straks vil kjenne att. Dei er virtuose, men aldri prangande eller pompøse. Dei er jordnære, men til same tid undrande og spørjande. Svendsen er særskilt god til å hente fram dei små augeblikka, slike som ofte elles går tapt i eit ofte hektisk mediebilete, men som gjerne fyller liva våre. Tekstane står seg over tid. Dei er ofte aktualitetsorienterte, men tapar seg heller ikkje, og det ligg ei fin spenning i nett dét. Svendsen har eit skarpt blick, og kan med få ord formidle observasjonar som fangar augeblikk og menneskelege karaktertrekk. Han er nær på menneska og situasjonane han skildrar, men klarar likevel å oppretthalde nok distanse til at vi kan sjå tilveret med nytt og friskt blick. Han maktar å hente inn komplekse stemningar, og det ofte i ein og same tekst: både feature- og portrett-tekstane er medrivande, og er ofte humoristiske, men alvoret er aldri langt borte. Ein les og let seg underhalde, men opplever òg at tekstane oppmodar til ettertanke.

Førde 31. 08. 2011.

Magni Øvrebotten